

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Midt

**Tid/Sted:** Måndag 21.01.19 kl 10 – kl 11.45

**Tilstede:** Lars Morten Rosmo Ragnar Valstad, Bård Tore Berntsen, Trude Sandstad Eldnes, Sverre Tyldum, Johan Kristian Daling, Kolbjørn Frøseth, Olav Håkon Ulfsnes, Tor Olav Brandtzæg (sak 1) og Silje Laugsand Pynten

**Forfall:** Roy Albertsen

**Kopi til:** Vara AU og leiargruppa region Midt

**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger Molde, 21.01.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<b>Orientering om strategi for eigarkommunikasjon</b> <p>Tor Olav orienterte om misnøye og bekymring for Nortura blant eigarane, samt frykt for medlemskapitalen. Må gjere ein jobb no fram mot kretsmøta, for mest mogeleg konstruktive kretsmøter, med realitetsorientering om status, kvar vi skal og korleis vi skal kome oss dit. Jobbar med utvida eigarbrev/blad som skal sendast ut i byrjinga av februar, som skal skape truverdigheit for jobben som gjerast. På møte som Trine hadde med RU-leiarar og nestleiarar, kom det fram ynskje om møter med kretsleiarane for eigarengasjement. Målsetjing om å løfte kretsleiarane, slik at dei kan gå inn i leiarrolla på kretsmøta.</p> <p>Skal lage lukka Facebook-gruppe for alle tillitsvalde, frå styret og ned til kretsutvala, for oppdateringar og informasjon.</p> <p>Kretsmøta: Skal lagast færre plansjar/komprimerast, med ein tydeleg budskap.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Viktig at eigarane møter som eigarar og ikkje som produsentar på kretsmøta. Bra med informasjon til eigarane, men fokus må også vere på marked og markedsadgang.</li><li>• Bra med eigarbrev. Facebook-sida må vere oppe når eigarbrevet vert utsendt, for spm der. Skjer også positive ting, må markerast og informerast, i alle fall på kretsmøta.</li></ul> <p><b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</b></p>	
2	<b>Orientering frå styremøtet 16.01</b> <p>Olav Håkon orienterte om at det vert sett på industristruktur for slakting og foredling. Jobbar med å redusere antal varelinjer. NOVA: Erik Høeg tatt over som leiar. Fortsatt tillit hos bankane. 3 i leiinga har slutta. Styrka konsekvenskultur. Resultat og budsjett.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Industristruktur: Vert det sett på ulike scenarier? Vore interessant å sjå på nedlegging av slakting og skjering av gris på Rudshøgda, og fordelt det på Steinkjer og Tønsberg, utan behov for investeringar.</li><li>• Må leggast prinsipp til grunn for utgreiingane om industristruktur. Dersom kompetanse manglar i eigen organisasjon, må det tilførast. Viktig at styret set føringane, og ikkje adm. Bør også diskutereast i eigarorganisasjonen, for innspel og kunnskap, helst før det vert sett i gang</li><li>• Kvifor seier folk i leiinga opp? Eigarane har ikkje tiltru, investeringar vert dobbelt</li></ul>	

som dyrt som planlagt. Kan vi spare utan å bygge nye anlegg? Heller gjere små investeringar, med kort payback?

- Erik Høeg i NOVA-prosjektet er lurt. Ekspedisjonen på Malvik: Gjort store investeringar i etableringa, no flytta midlertidig med permitteringar. Høyr at den ikkje kjem i gang igjen, fungerer godt no utan.
- Må ha ein konkret plan for kommunikasjon på i kretsmøta, med god forklaring.

#### **Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

### **3 Orientering frå Medlem region Midt**

Silje orienterte om at storfe har litt redusert marknadsandel til Slaktehuset, fokus skitne slaktedyr på fagmøter, betydeleg mindre oppstart ammeku. Småfe: Misst betydeleg på Oppdal/Rennebu. Gris: Litt auke, større auke i Midt-Norge slakteri, utfordrande økonomi hos produsent. Purkeslaktinga: 2 700 purker påmeldt, betydeleg mindre andel i Rogaland. Betring i marknadssituasjonen, utan at effekt av purkeslaktinga er tatt med.

Inntransport: Prosjekt sentralt i Nortura, med mandat transport av livdyr og slaktedyr dei neste 5 åra. Driftsmodellar, selskapstruktur, eigen eller leigd transport, effektivisering mellom regionar, økonomiske potensial, risiko ved omlegging og reduksjon i CO2-utslepp. Eigartillitsvalde involvert. Konsernleiing og styret er beslutningsmyndigheit.

Regionalt prosjekt: Eksisterande avtalar til juli 2021, jobbar kontinuerleg med reduksjon i km. Økonomisk potensial synleggjerast, løpande vurdering av kapasitet. Dersom bilane utnytta godt nok, har vi overkapasitet. Ser på å ta ut bilar i inneverande avtaleperiode. Transportselskapa er inkludert for innspel. Behov for forenkling, effektivisering og samhandling mellom selskap og regionar. Truleg færre selskap. Betydeleg mindre uro no, hatt gode møter i kretsane.

Lars Morten: Er involvert, jobbar med forslag. Nye avtalar må skrivast utan forpliktelsar historisk, for best mogeleg effektivitet.

#### Spørsmål/kommentarar:

- Inntransport må på dagsorden i møta med kretsleiarane, for informasjon og involvering.
- AU ga svar på eit brev frå transportørar og sjåførar. Har det kome respons på det?
- Spm om samarbeid og å få tak i nok sjåførar i forhold til køyre- og kviletid, inkl nødslaktarar.
- Når vert køyre- og kviletid for nødslakt iverksett? Og kva er regelverket for unntak?
  - Svar: Iverksett frå 01.01.2019.

#### **Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

### **4 Førebuing av kretsmøter**

- Lokale saker og spørsmål: Kva må vi førebu oss på?
- Tlf møter med kretsleiarane

#### Innspel:

- Mediaoppslaga vi har hatt i haust bør forklarast, t.d. at vi ikkje kan levere kylling på nyåret.
- Er resultat av mål om redusert lager, leverte 100 % på det som var bestilt, men ikkje ekstra ved auka sal.
- Tilgang på fersk ribbe til jul.
- Kvifor finn vi ikkje produkta våre i butikk, gjeld svin, lam og kylling.
- Er kretsmøta opne for media?

**Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med førebuingane til kretsmøta. Det vert tlf møter med kretsleiarane i forkant, med Lars Morten og Ragnar.**

## 5 Ny Giv i kretsarbeidet

Kva kretsar skal vi jobbe med i 2019?

Oversikt over kretsaktivitet 2018 er vedlagt.

I 2018 har det vore jobba med:

- Lierne/Namsskogan/Røyrvik, Namsos/Fosnes og Sentrale Namdal
- Molde/Midsund/Aukra/Gjemnes/Kristiansund, Hustadvika og Sunndal/Neset/Tingvoll

Innspel:

- Holtålen/Midtre-Gauldal og Oppdal/Rennebu
- Værnes og Trondheim/omegn

**Vedtak: Brit Kari kontaktar kretsleiarane for vidare oppfølging.**

---

## 6 Representasjon på årsmøter

- 1. – 2. februar: Felles årsmøte Sør- og Nord-Trøndelag Bonde- og småbrukarlag: **Ragnar**
- 8. – 9. mars: Møre og Romsdal Bondelag årsmøte **Olav Håkon**
- 20. – 21. mars: Nord- og Sør-Trøndelag Bondelag årsmøte (ein dag felles) **Lars Morten**
- ? Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag årsmøte

**Vedtak: AU gjorde vedtak om representasjon som oversikta ovanfor syner.**

---

## 7 Orientering frå Trøndelagsmøtet og politikarkontakt

Lars Morten orienterte om at han deltok på Trøndelagsmøtet, og delvis også Trine. Lars Morten hadde der møter med fleire politikarar:

- Høgre, er invitert inn på Stortinget i landbrukspolitisk gruppe. Avklart med Trine.
- Senterpartiet, Marit Arnstad utfordra på at det ikkje må skje store irreversible endringar.
- FrP.
- Snakka også med fleire politikarar over bordet.

Ap må fylgjast opp. Det politiske arbeidet må takast vidare i fysisk møte før RU-møtet. Tema markedsrett og industriutvikling.

Spørsmål/kommentarar:

- Meiner å sjå resultat av arbeidet som er gjort i regjeringsplattforma no.
- Utvikling av næringsmiddelindustrien er der nemnt, i tråd med innspela til politikarane.
- Køyer vi 2-spenn med Bondelaga og Småbrukaraga her? Dei har meir reell makt enn Nortura. Er ikkje vår hovedrolle å drive politikk, må samkøyrast.
  - Svar: Er avklart med Bondelaget i forkant av desse møta.
- Landbruksråda skal eigentleg koordinere politisk arbeid, men TINE og Nord-Tr lag BL ynskte ikkje det.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

## 8 Livdyrsituasjonen i ein overskotsituasjon

Lars Morten ga uttrykk for bekymring for livdyrsituasjon på kalv. Den dagen vi produserer for mykje storfekjøtt, kan det vere mange som ikkje vert kvitt kalven sin. I andre land avliva eller selt til låg pris. Spørsmål til styret korleis vi skal handtere ein slik situasjon.

Olav Håkon: Må unngå overskotssituasjon, må regulere før inseminering og paring. Aktiv pushing av smågris inn i marknaden har ikkje vore heldig. Må ha verktøy å handtere overskotssituasjon. Innovasjon har innvilga støtte til 5 600 nye bås plassar.

Spørsmål/kommentarar:

- Overskot av storfekjøtt har vi hatt før, med produksjon av mellomkalv som ei løysing. Spm no om når overskotet kjem, må førebuast.

- Er tema hos mange no. Den store importen også tema, der Nortura får skulda. Kan noko av importen gjerast om til regulering?
- Signal frå Forsell om at aktørane i marknaden ikkje har høve til å hindre import
- Verktøy for marknadsregulering er viktig tema i politikarkontakten.
- På småfe har ein sett behovet for verktøy for marknadsregulering.

**Vedtak: AU vil løfte saka vidare inn i organisasjonen.**

---

9 **Eventuelt**

Sverre fått innspel frå kretsleiar Geir Joar Werstad: Fokus på dyrevelferd i TINE, spurt om det same i Nortura. Fått til svar at i Nortura vert skitne storfe følgt opp, samt besøk hos alle slaktegrisprodusentar. Kva vert gjort frå Nortura si side hos ammekuprodusentane? Studiering?

- Nedbemanning på rådgjeving, meir spissa mot behov no. Generell rådgjeving overlete til andre aktørar.
- I TINE har dei tillitsvalde eit opplegg på dette som studiering. Småfe har stort kontaktnett med lammeringsleiarar, burde vere lammeringsaktivitet.
- Ulik besøksfrekvens av veterinær i dei ulike produksjonane. Bør vere eit oppdrag for fagutvala å sjå kva kontaktpunkt og nøkkeltal som kan vere grunnlag for oppfølging?
- Tema takast igjen på fysisk møte.

Spørsmål frå Ivar Wang vedk Coop og leveransar av egg: Er det lagd ein strategi for å lande dette skiftet på ein smidig måte? Eller kom heile greia som eit sjokk?

- Olav Håkon orienterte om dialogen med Coop vedk avtale på egg. Coop har valgt Den Stolte Hane som leverandør, med gradvis innfasing dei neste 12 mnd.
- Hatt møte i fagutval egg, Nortura er i kampmodus og ser nye marknader. Den Stolte Hane har behov for 85 produsentar.
- Ideelt bør vi halde på alle produsentar og levere til Den Stolte Hane. Men erfaring frå kylling kan tilseie noko anna.
- Uheldig med Coop-saka no, midt i omstillingsarbeidet frå miljønnreining til frittgåande.
- Kolbjørn gjev tilbakemelding til Ivar.